

Oppal av overskotslam



24.03.2021

Kva er eit overskotslam?

- Overskotslam er eit lam der søya har for lite mjølk til at lammet får tilfredstillande tilvekst.

Lammet blir difor tatt frå søya og fôra opp på anna fôr enn morsmjølk .



VIKTIG FOR ALLE TYPER OPPDRETT:


- ▮ Nok råmjølk- helst frå mora ▮ dvs 1,5 til 2 dl når det er født og 1 liter det fyrste døgeret for eit 5 kg`s lam
- ▮ Ta lamma frå mora etter ca eit døgn
- ▮ Bingen til kopplamma skal vera tørr og trekkfri og ha tett liggeunderlag som isolerer
- ▮ Ha ein tilvenningsbinge der det er enkelt å fylgje opp at alle får mjølk
- ▮ Ha minst to grupper med overskotslam der ein sorterer etter vekt
- ▮ Maks 10 lam per smokk med automatfôring, to lam per smokk ved «lammemor» og ikkje alltid appetittfôring
- ▮ Gje lamma tilgang på reint vatn, kraftfôr og litt fint grovfôr i tillegg til appetittfôring med mjølkeerstatning
- ▮ GOD HYGIENE!
- ▮ Vurder vaksining mot pulpanyre



Intensivt oppdrett av overskotslam- dielamproduksjon

- ▮ Appetittfôring med mjølke-erstatning heilt fram til slakting
- ▮ Høg tilvekst, 400-500 g/dag
- ▮ Høg slakte% ca 50, men kan variere
- ▮ Lammet bør vera minst 13 kg for å få grunntilskotet på kr 4,80 pr kg, dvs ca 26-27 kg levandevekt
- ▮ Dette er svært intensiv fôring, og det kan vera fare for feitttrekk, sjøl ved låge vekter
- ▮ Ved fare for feitttrekk, om mogleg: avgrens mjølkefôringa siste veka før levering- lik konsentrasjon to gonger pr døgn

Slakting ca 7-8 veker gamle ?



Intensivt oppdrett av overskotslam- dielamproduksjon

- Salg til: Butikker med ferskvaredisk som kjøper heile lam



Produksjon av ordinære slaktelam- kraftfôrbasert- og beitebasert oppdrett av overskotslam



Kraftfôrbasert oppdrett:

- ▮ Avvenne lamma frå mjølkeerstatning ved **ca 4 veker** alder og **ca 15 kg` s levandevekt** (vurder både alder og vekt når det er fornuftig å avvenne).
- ▮ Avvenning med avgrensa fôring morgon og kveld i fire til fem dagar/ eller brå avvenning, men da kan lamma stagnere meir. Det er viktig at lamma får fri tilgang på friskt vatn heile tida, og spesielt når ein trappar ned på mjølka
- ▮ Fortsett vidare **inne** med vatn, kraftfôr og grovfôr etter appetitt til lamma **er ca 6 veker**. Du har da god kontroll på at lamma veks og er friske før dei blir sleppte på beite. Beitet skal ikkje vera nedsmitta med parasittar. **Unngå nedsmitta vårbeiter!**
- ▮ Hald fram med kraftfôr etter appetitt frå ein kraftfôrautomat også ute på beite heilt til slakting. Tilveksten vil da bli høg sjølv om beitekvaliteten varierer. Kraftfôropptaket vil variere med beitekvaliteten.
- ▮ Hugs at lamma skal ha tilgang på ly ute på beite
- ▮ Parasittbehandling i samråd med veterinær

Slakting ved ca fire månaders alder?

Beitebasert oppdrett

- ▮ Fortsett med kraftfôr ute på beite til lamma er 10-12 veker gamle
- ▮ La lamma få tilgang på kvalitetsbeite i kombinasjon med litt varig beite, med ly for sol, regn og vind
 - ▮ I forsøk oppnådde vi ein tilvekst på 280-330 g/dag på slik beite
- ▮ Alternativt kan ein gje kraftfôr avgrensa f.eks. 0,3 kg pr dag i samband med tilsyn av lamma
- ▮ Ein bør planleggje med skiftebeiting, slik at lamma får nytt beite kvar 2.-3. veke. Dette reduserer smittetrykket av innvortes parasittar og aukar beiteopptaket og tilveksten



Slakting ved ca 4,5-5 månaders alder ?

For den som vil prøve:


Haustrug og italiensk raigras som grønnfôrbeite til overskotslam

- Haustrug sådd om våren vil vera **beiteklar etter ca fire veker**. Den er **smakeleg, buskar seg etter avbeiting** og har **rask gjenvekst**. Utover sommaren vil raigraset overta.
- Så 9-10 kg haustrug og 2-3 kg raigrasfrø pr dekar, ca 0,1-0,2 dekar pr lam. Etter vårbeiting så ytterlegare 0,3 dekar pr lam.
- 2-3 skifte i starten og utvide til 4-5 skifte, pussing og gjødsling, helst etter kvar avbeiting.
- Lamma må også ha **tilgang på fiberrike beite** for å balansere vomma, og ly
- Dette gjev rikeleg med beite til overskotslamma og til slutfôring av slaktelam om hausten
- Frøkostnad, ca kr 165 pr dekar



Salg og kalkyler på ulike oppdrett av overskotslam

- ▮ Overskotslam slakta i slutten av august/starten av september er eit viktig bidrag til å dekke det viktige tidlegmarknaden for lam
- ▮ Prisen på ordinære lam er usikker, spesielt fordi engrosprisen for 2. halvår ikkje er fastsett enda,



Kalkyler ved ulik oppdrett av overskotslam

- ▮ Til mjølkeutstyr, grovfôr og beite:
 - ▮ Dielam-produksjon: ca 360 kr/lam
 - ▮ Kraftfôrbasert oppdrett: ca 1 150 kr/lam
 - ▮ Beitebasert oppdrett: ca 1 400 kr/lam



Økonomi mjølkeerstatningsbasert oppdrett av overskotslam født 16. april (dielamproduksjon) son 2 pulje på 50-74

Økonomi med produksjon av dielam 2021			
Fødselsdato	16.4.21	Vekt slakting, kg	27,5
Fødselsvekt. Kg	5	Slaktevekt, kg	13,8
Alder slakting dagar	50	Slaktedato	05.06.2021
Tilvekst g/dag	450		
Kg mjølkeerstatning pr dag	0,45		
kraftfôr, kg pr dag	0,2		
Slakteprosent	50 %		
		Pris pr kg inkl grunntilskot	
Slaktevekt, kg	13,8	kr 46,9	kr 644,9
Puljetillegg			kr 20,0
Kvantumstillegg		kr 1,7	kr 23,4
Lammeringstillegg			kr 15
Ull			kr 0
RFID godtgjering			kr 12
Tilskot lammeslakt			kr 450
Distriktstilskot		kr 5,25	kr 72
		Inntekter	kr 1 237
		Pris pr kg	
Mjølkeerstatning, kg (helpall eks moms)	22,5	kr 32,0	kr 720
Kraftfôr (lammekraftfôr storsekk)	20	kr 4,40	kr 88
Vaksine (20 lam)			kr 35
Strø			kr 30
		Kostnader	kr 873
Til mjølkeutstyr, arbeid og grovfôr			12 kr 364

24.03.2021

Økonomi kraftfôrbasert oppdrett av overskotslam født 16. april

(lamma får kraftfôr etter appetitt heilt fram til slakting i tillegg til grovfôr og beite) sone 2 pulje på frå 130-209

Økonomi med produksjon av overskotslam kraftfôrbasert 2021

Fødselsdato	16.4.21		
Fødselsvekt, kg	4,5		
Alder awenning, dagar	30	Vekt awenning, kg	16,5
Tilvekst før awenning g/dag	400	Vekt slakting, kg	48
Kg mjølkeerstatning, kg pr dag	0,4	Slaktevekt kg	20,2
kraftfôr før awenning, kg pr dag	0,2	Slaktedato	14.08.2021
Tilvekst etter awenning g/dag	350		
Kg kraftfôr pr dag e awenning	0,9		
Alder slakting, dagar	120		
Slakteprosent	42 %		
		Pris inkl grunntilskot og sesongtillegg	
Slaktevekt, kg	20,2	kr 58,1	kr 1 171
Stjernelamtillegg kr/kg	20,2	kr 2,5	kr 50
Gourmetlamtillegg kr/kg	20,2	kr 2,0	kr 40
Puljetillegg pr stk			kr 50
Kvantumstillegg kr/kg		kr 1,7	kr 34
Lammeringstillegg pr stk			kr 15
Ull, kg	1,3	kr 33,6	kr 44
RFID godtgjering kr/stk			kr 12
Tilskot lammeslakt			kr 450
Beitetilskot kr/stk			kr 50
Distriktstilskot kr/kg		kr 5,25	kr 106
		Inntekter	kr 2 023
		Pris pr kg	
Mjølkeerstatning, kg (helpall eks moms)	12	kr 32,00	kr 384
Kraftfôr (lammekraftfôr storsekk), kg	87	kr 4,40	kr 383
Vaksine /parasittbehandling pr lam (20 lam)			kr 65
Strø			kr 40
		Kostnader	kr 872
			kr 1 151

24.03.2021 Til mjølkeutstyr, arbeid, grovfôr og beite

Økonomi beitebasert oppdrett av overskotslam født 16. april

(kraftfôr fram til ca 10-12 veker, deretter berre kvalitetsbeite) sone 2 pulje på 130 og 209

Økonomi med produksjon av overskotslam beitebasert 2021			
Fødselsdato	16.4.21		
Fødselsvekt kg	4,5		
Alder avvenning, dagar	30	Vekt avvenning, kg	16,5
Tilvekst før avvenning g/dag	400	Vekt v. slakting, kg	50,7
Kg mjølkeerstatning kg pr dag	0,4	Slaktevekt, kg	21,3
Kraftfôr før avvenning, kg pr dag	0,2	Slaktedato	07.09.2021
Tilvekst etter avvenning g/dag	300		
Kg kraftfôr pr dag e avvenning	0,2		
Alder slakting, dagar	144		
Slakteprosent	42 %		
		Pris inkl sesong og grunntilskot	
Slaktevekt, kg	21,3	kr 54,6	kr 1 163
Stjernelam kr/kg	21,3	kr 2,50	kr 53
Gourmetlam kr/kg	21,3	kr 2,00	kr 43
Puljetillegg kr/stk			kr 50
Kvantumstillegg kr/kg		kr 1,7	kr 36
Lammeringstillegg kr/stk			kr 15
Ull, kg	1,3	kr 33,6	kr 44
RFID godtgjering kr/stk			kr 12
Slaktetilskot kr/stk			kr 450
Beitetilskot kr/stk			kr 40
Distriktstilskot kr/kg		kr 5,25	kr 112
		Inntekter	kr 2 017
		Pris pr kg	
Mjølkeerstatning, kg (helpall eks moms)	12	31,20	kr 374
Kraftfôr, kg (formel lam storsekk)	29	4,40	kr 127
Vaksine /parasittbehandling pr lam (20 lam)			kr 65
Strø			kr 40
		Kostnader	kr 606
Til mjølkeutstyr, arbeid, grovfôr og beite			kr 1 411

Oppsummering:

Periode	Tiltak
Fødsel ☐ ca 1døgn	Sørg for at lammet får rikeleg med råmjølk. Ta lammet frå søya og over i overskotslam-bingen. Ha gjerne ei tilvenningsavdeling der det er enkelt å fylgje opp at alle lærer seg å drikke av smokk. Del overskotslamma i to grupper etter storleik, slik at dei minste lamma ikkje blir taparar i kampen om smokken.
1 døgn ☐ ca 4 veker eller ca 15 kg`s levandevekt	Appetittfôring med mjølkeerstatning i ein lun og tørr overskotslam-binge. Sørg for tilgang på reint vatn, litt høy og kraftfôr
Ca 4 veker - ca 6 veker	Fôr lamma inne med kraftfôr, reint vatn og godt grovfôr etter appetitt
Ca 6 veker- ca 11 veker	Slepp lamma ut på godt beite saman med kraftfôrautomaten
Ca 11 veker til slakting	Ved beitebasert oppdrett: Avvenning frå kraftfôr og sørg for rikeleg tilgang på godt beite

Har du alt klart til lamminga?

(Sist endret 01.03.21) Lammingstida er ei travel tid som det er viktig å planleggja godt. Ein godt forberedt lammingssesong gir overskot til å berge fleire lam!



Jann Erik Dalum frå Lesja i aksjon som lammingshjelp

http://php/13114637-1614594487/Nortura%20Medlem/medlem.gilde.no/Bildearkiv/DYR/Sau/binge/lamming_f%C3%B8dselshj...

Småfe

- Siste nytt 
- Priser/vilkår
- Fagbibliotek 
- Lamming 
- Lamming og fødselshjelp
- Råmelk er viktig
- Ekstra E-vitamin
- Livskraftige lam
- Oppdrett av overskotslam
- Grønfôrbeite til overskotslamma
- Adopsjon
- Føring og stell
- God velferd ved klipping
- Når fjøset fylles
- Sein vår?
- 5 tips fra OSID
- Øremerker/RFID 
- Lammeringer 
- Rådgiving 

Litt reklame for
Medlemsportalen!

□ □ Så til slutt litt reklame for påskelam



Ca 1 100 tonn lam skal ut til påske!

|| || || og snart fyrer vi opp grillen!



Tusen
takk for
meg!